

Referat frå medlemsmøte i Lalm arbeiderlag

Måndag 25.februar 2019 kl. 20.50 på Lalm samfunnshus

Frammøtte: Imbert Kleiven, Magnus Løkken, Jeanette Olderløyken, Jo Ivar Kleiven, Bernd Karsten, Knut Fredriksen, Rune B. Isaksen, Sverre Braaten, Steinar Evensen, Gjermund Øihusom, Pål Bakke Braaten og Tore Kleiven.

Sakliste:

Sak 1 - 2019 Info frå styreleiar

Viser til årsmeldinga for 2018

Sak 2 – 2019 Innspel frå medlemmane

- Kan vi innvitte til politisk kafe der folk frå Lalm kan komme og få info om kva Lalm arbeiderlag jobbar med. Og det viktigaste er om vi med ein politisk kafe kan klare å skapa ein arena der vi må lytte til kva folk meiner bør gjerast på Lalm og i Vågå kommune.

Vedtak: Vi tar med dette innspilet i handlingsplanen for 2019 og held ein slik kafe før valet i haust.

- Det kom innspel på at vi aktivt må arbeide for å behalde skulen på Lalm framover. I den samanheng er det viktig at det ved lengre tids sjukdom/permisjon blant lærarane vert brukt kvalifiserte vikarar og ikkje berre «kaste inn» assistentar. Dette er i såfall i strid med regelverket der det er presisert at assistentar ikkje skal drive undervisning på eiga hand. Dette kan i verste fall undergrave tilliten foreldrene har til skulen på Lalm og det er ikkje bra.
- Vi må arbeide aktivt imot privatisering av kommunale vegar.
- Det kom og innspel på om det er noko vi kan gjere med å få fortgang i asfaltering rundt Coop marked Lalm?
- Det same gjeld asfaltering av vegen forbi idrettsplassen mot industriområdet.
- Kan vi klare å profilere betre næringsareala og boligområda på Lalm? Kan kommunen og næringsforumet hjelpe oss med dette? Kva med utvidinga av næringsarealet?

Sak 3 – 2019 Ymse

Utdrag frå tekst som Knut Fredriksen noterte etter møtet:

«Møtte for å takke for alle år eg har fått gleden av å vere medlem i Lalm arbeiderlag. Hyggelige og trivelige medlemmer på møtet. Hadde lyst til å avslutte mitt politiske liv sammen med dere. Lykke til vidare! Mvh Vesleknut»

Møte slutt kl. 21.40

Jo Ivar Kleiven, leiar